



På plakaten: Filmplakat til kortfilmen «Violent Sorrow Seems a Modern Ecstasy no. 2». Kortfilmen til Jorunn Syversen er hennar første på 35 mm. I 2011 vil filmen bli vist både i inn og utland.

➔ **Mogleg med støtte:** «Violent Sorrow Seems a Modern Ecstasy no. 2» er den andre kortfilmen i ein trilogi. Filmen blei støtta av Norsk Kulturråd og Norsk Filminstitutt, og finst blant anna på NFI sin samle-DVD Norsk Kort 009.

➔ **Kontrastfylt:** «Der dunkle Mensch» består av ein freestyle-discodanser som dansar åleine i ein blackbox fylt med intens, mørk technotrance som lydteppe. Over det heile ligg ein tysk voiceover. Anneli Drecker (Bel Canto) syng og Hanne Hukkelberg korar.



FILMEN KOM I FJOR ut på ein samle-DVD ved namn «Norsk Kort 009» i regi av Norsk Filminstitutt (NFI). I november i fjor fekk filmen også 170.000 kroner i støtte frå NFI. «For Jorunn Syversen er dette definitivt eit stort nytt steg i hennar karriere som biletkunstnar», sa kortfilmkonsulent Kalle Løchen ved tildelinga. Han vurderer planane hennar som ambisiøse. Og godt er det, for filmstøtte er nødvendig, vedgår kunstnaren. Når budsjettet for filmen var over ein halv million kroner rekk slik støtte likevel ikkje til salt i grauten. Det gjeld sjølv om også Norsk Kulturråd har bidrege. Jorunn skriv manus, er produsent, regissør, scenograf, kostymeansvarleg og klippar film- og videoarbeidet sjølv. Ho tilset filmfagfolk, skodespelarar og komponistar. Ho har hatt musikarar som Anneli Drecker, Hanne Hukkelberg, Martin Horntveith (Jaga Jazzist) på løningslista. Også musikal, produsent og ektemannen Andreas Mjøs (også han frå Jaga Jazzist) har levert bestillingsverk til bileta hennar.

– Eg har enno til gode å ta ut løn til meg sjølv, seier ho. Med Statens Arbeidsstipend (186.000 pr. år) er kunstnarlivet likevel mogleg. Til no har ho også spedd på med jobb i heimetenesta, i butikk, på museum og i Den kulturelle skulesekken for å brødfø seg parallelt

Jorunn Myklebust Syversen



UTSTILLINGAR I 2011

- Soloutstilling, KNIPSU, Bergen.
- Nordic Art Express, Turné Baltikum.
- Gøteborg Filmfestival.

UTSTILLINGAR I 2010

- Prosjektrommet, Galleri Trafo, Asker. (Solo-utstilling)
- Flaggfabrikken Nordic Art Express. Fotogalleriet, Oslo.
- Folk til film, Frogner Kino, Oslo.
- Høstutstillingen, Oslo.
- Kortfilmprogram, Klingenberg Kino, Oslo.
- Kortfilmfestival, Røros.
- Minimalen Kortfilmfestival, Trondheim.

med kunstnargjeringa. – Slik er situasjonen for stort sett alle kunstnarar i Norge, fortel Syversen.

JORUNN HAR VORE med på mykje sidan ho gjekk ut frå Kunstakademiet – Kunsthøgskolen i Bergen, i 2005. Det er blitt utstillingar og festivalar både nasjonalt og internasjonalt, og ei rekke ulike stipend. I fjor avslutta ho den mørke og kontrastfylte kunstfilmen «Der dunkle Mensch», ein 6,5 minutt lang studie av ein dansar i eit blackbox-teater. Like før jul vart begge filmene hennar viste på kortfilmfestivalen KORT på KINOKINO i Stavanger. Seinare i år blir det ein svensk filmfestival og ei soloutstilling i Bergen.

– Ein har jo stadig noko ein går og tenkjer på, seier Jorunn. Ho er i same ateliéfelleskap som Sveinn Fannar Johannson, ein annan utvandra kunstnar frå same bygd som henne. Dei har begge dei siste åra fått plass på Høstutstillingen.

– Har du nye filmar i magen?
– No er eg i permisjon, men eg har stadig nokre idear eg går og tenkjer rundt, seier ho.

BERNT IVAR BERGUM
bib@hallingdolen.no

